

Årsmelding frå kommunestyregruppa 2019

Kommunestyregruppa til Tromsø SV består etter valet av sju representantar. Dei er Pål Julius Skogholt, Gunhild Johansen, Benjamin Notkevich, Abdalla Mohammedali, Åsne Høgetveit, Maja S. Lockert og Sigrid B. Hammer. Torgeir Knag Fylkesnes vart valt, men har søkt fritak så lenge han er stortingsrepresentant. I tillegg er Ingrid Hovda Lien fast representant i byutviklingsutvalet. Dei sju første vararepresentantane blir invitert på alle gruppemøta.

Før valet bestod gruppa av Pål Julius Skogholt, Gunhild Johansen og Benjamin Notkevich. Ingrid Kielland hadde permisjon og Terje Håkstad og Åsne Høgetveit møtte for ho. Gruppa har jobba godt saman heile året, både før og etter valet.

SV gjorde sitt tredje beste val i Tromsø nokon sinne i 2019, og vart nest største parti i kommunen. 6039 tromsøværingar stemte på SV. Det er eit stort ansvar å skulle forvalte denne tilliten. Etter valet forhandla vi med Ap, Sp og MdG om styringa av kommunen. Det var gode forhandlingar og eit godt resultat. Forhandlingsresultatet vart samrøystes godkjent av medlemsmøtet i Tromsø SV. Den politiske erklæringa ligg på www.tromsosv.no

Fordeling av oppgåver etter valet

Gruppeleiar:

- Pål Julius Skogholt

Gruppestyret:

- Pål Julius Skogholt
- Gunhild Johansen
- Benjamin A. Notkevich

Formannskapet:

- Pål Julius Skogholt
- Åsne Høgetveit

Hovudutvala

Helse og velferdsutvalet:

- Gunhild Johansen, leiar
- Abdalla Ali Mohammed

Kommune og byutviklingsutvalet:

- Åsne Høgetveit
- Ingrid Hovda Lien

36 **Kultur, idrett og friluftslivsutvalet:**

- 37 • Maja S. Lockert

38 **Miljø klima og samferdselsutvalet:**

- 39 • Pål Julius Skogholt, nestleiar
- 40 • Sigrid B. Hammer

41 **Oppvekst og utdanningsutvalet:**

- 42 • Benjamin A. Notkevich, leiar

43 **Andre utval**

44 **Integreringsutvalet:**

- 45 • Abdalla Ali Mohammed, leiar

46 **Likestillingsutvalet:**

- 47 • Sigrid B. Hammer

48 Gruppa får eit gruppefrikjøp på til saman. 404.586. Av dette går 283.210,- til frikjøp for gruppeleiar,
49 medan 121.376,- går til drift av gruppa. Eit 100% frikjøp for andre enn ordførar er definert til å vere ei
50 årsløn på 691 000. Ingen av våre representantar har så høg løn. Pål Julius Skogholt, Gunhild Johansen
51 og Benjamin Notkevich jobbar i realiteten heiltid med politikk.

52

53 Frikjøpet er med dette fordelt slik:

- 54 • Pål Julius Skogholt 87% (formannskap+nestleiar i hovudutval+gruppefrikjøp)
- 55 • Gunhild Johansen 70% (hovudutvalsleiar)
- 56 • Benjamin Notkevich 70% (hovudutvalsleiar)
- 57 • Åsne Høgetveit 30% (formannskapsmedlem)
- 58 • Abdalla Mohammedali 10% (leiar integreringsutvalet)

59 I Tromsø SV er partiskatten 10% av møtegodtgjering ol. Og 5% på frikjøp.

60

61 **Politikken i året som gjekk**

62

63 I heile 2019 har økonomien i kommune vore den aller største utfordringa. Kommune bruker meir
64 pengar enn vi har inntekter. Det er ein situasjon som ikkje kan vedvare over tid. Dersom SV sitt
65 alternative statsbudsjett hadde blitt vedtatt, ville Tromsø hatt ca 70 millionar kroner meir i inntekter
66 kvart år. Men det ville ikkje vore nok til å få budsjettet i balanse. SV si rolle i denne situasjonen er å
67 sikre at nedskjæringar og kutt i så liten grad som mogleg rammer dei svakaste i kommune og blir
68 fordelt så rettferdig som mogleg.

69 Meir om dei vurderingane vi gjorde i samband med budsjettet for 2020 kan du lese på

70 <https://www.skogholt.org/2019/12/tromso-kommunes-okonomi/>

71

72 Det er alltid ei vanskeleg avveging om vi skal innføre avgifter av ulikt slag. Dei vil ofte ramme sosialt
73 skeivt. Men dei vil og ofte vere løysninga på problem som også rammer sosialt skeivt. Derfor har vi
74 gått inn for både piggdekkavgift og drivstoffavgifta. Det var ikkje mogleg å få fleirtal i kommunestyret



75 for piggdekkavgift i denne omgangen, men saka kjem til å komme tilbake. Drivstoffavgifta vil vi og
76 måtte komme tilbake til etter ein del diskusjonar med fylket. Vi har gått inn for at denne må gå til
77 trygge skoleveggar i Tromsø, medan sterke krefter meiner at den må gå til bygging av ny
78 Stakkevollveg.

79

80 I 2019 vart og ordninga med såkalla tenestekonsesjonar i heimetenesten avslutta. Vi har med det fått
81 avslutta ein del av den privatiseringa av offentleg omsorg som vart innført av det borgarlege byrådet.
82 I perioden som kjem vil vi og få avslutta avtalen med ISS om mat i sjukeheimane og tild ei som bur
83 heime.

84

85 Byvekstavtalen har vore viktig i 2019. Den er vi heller ikkje ferdig med. Tromsø kommune har vore
86 klar til å forhandle med staten om å innføre byvekstavtale i alle fall sidan hausten 2018. No er heile
87 denne prosessen i limbo. Staten har ikkje sett av pengar i 2020, og vil heller ikkje forhandle før det
88 nye nullvekstmålet er klart frå regjeringa si side. Regjeringa har og stilt krav til at heile
89 prosjektporteføljen må gjennomgåast på nytt og at vi må gjere alle vedtak på nytt.

90

91 Kommunestyregruppa har rapportert fortløpande til medlemmane etter kvart kommunestyremøte i
92 denne perioden. Desse rapportane følgjer vedlagt.

93 **Kommunestyremøtet i februar 2019**

94 **Onsdagens kommunestyremøte hadde ei lang sakliste, og vi rakk ikkje gjennom alle sakene.**

95 **Derfor måte vi og utsette den mest omdiskuterte saka – den om berekraftig havbruk. I den saka**
96 **hadde vi blitt samde med Raudt om MdG om ein del endringar. Det får vi no ta i neste møte.**

97

98 Kommunestyret viste med all tydelegheit at valkampen er i gang. Det siste året har det eigentleg vore
99 ganske så triveleg i kommunestyret, men denne gongen var piggane ute frå første stund. Ord som
100 kynisk og iskald smalt i veggane. Det blir ofte litt harde frontar når det nærmar seg valet.

101 Uansett, noko substansielt fekk vi då gjort.

102

103 Etter initiativ frå Gunhild fekk vi ein god debatt om forestillinga til Joshua French i kulturhuset. Du
104 kan lese meir [om dette her](#).

105

106 SV hadde saman med Ap reist eit forslag om at Tromsø skulle gjere som Los Angeles, Toronto,
107 Trondheim og mange andre byar – nemleg krevje at vårt land skal slutte seg til det internasjonale
108 forbodet mot atomvåpen. Det vart vedtatt mot Frp og Høgre sine stemmar i kommunestyret. Du kan
109 [lese meir her](#).

110

111 Plasseringa av krigsminnemonumentet i kyrkjeparken har blitt ein stor debatt. SV var med på dette
112 forslaget som og vart vedtatt i kommunestyret:

113

114 *Det nedsettes et ad hoc-utvalg bestående av representanter fra de etterlatte, veteraner og historikere*
115 *for å finne den mest egnede og verdige plasseringen av Krigsminnesmerket i Tromsø. Utvalget skal*
116 *samarbeide tett med relevante sektormyndigheter og Riksantikvaren. Utvalget leverer sin innstilling*
117 *til kommunestyret innen juni 2019.*

118

119 Det skjer mykje på tomta etter skipsverftet. I dette kommunestyret vart den endelege
120 reguleringsplanen vedtatt. Det er vår vurdering at planane kjem til å skape ein god ny bydel i Tromsø
121 sentrum. Det er ein diskusjon om det blir for høgt mot brua og at brua vil bli delvis skjult av nye bygg.
122 Haldninga vår er at området toler ein del høge bygg og at dei viktigaste siktlinjene frå Skansen blir
123 tatt vare på.

124

125 Det var ei kort oppsummering kommunestyremøtet. Det er berre å spørje om det er noko du lurar
126 på. Dei om representerte SV i dette kommunestyremøtet var Gunhild Johansen, Benjamin Notkevich,
127 Terje Håkstad og Pål Julius Skogholt.

128

129 Med ønske om ei god helg

130 Pål Julius Skogholt, gruppeleiar

131 97077457

132 pal.julius@skogholt.org

133 **Kommunestyremøtet i mars 2019**

134 Nok eit kommunestyremøte over. Som alltid var det oppturar og nedturar på møtet. Kanskje var den
135 største oppturen vedtaket om satsing på trygge skoleveggar gjennom Tenk Tromsø, men og vedtaket
136 om sjølvordsikring av Sandnessundbrua var bra. Største nedturen var at Ap trakk seg i
137 oppdrettssaka slik at vedtaket vi gjorde i klima, miljø og energiplanen vart utvatna.

138

139 I starten av møtet vedtok vi tre uttalar frå kommunestyret. Ein om bevaring av Veterinærinstituttet i
140 Tromsø, Ein om styrka helikopterberedskap i Troms og om situasjonen for lærarar i skolen som bli
141 utsett for vald.

142

143 Vi er veldig glad for at kommunestyret samrøystes avviste reguleringsplanen for Kroken Vest –
144 Søndre del. Her hadde utbyggjar søkt om å få bygge høge blokker i fjæra. Ofte har SV vore nesten
145 åleine om å avvise denne typen prosjekt som øydelegg bumiljøet for dei som allereie bur i området.
146 Men denne planen var. Så valdsam at heile kommunestyret meinte det same.

147

148 Det vart jo eit massivt oppstyr etter at kommunestyret i haust vedtok krav om at alle nye
149 oppdrettsanlegg i Tromsø skulle vere lukka. Kommunestyret skulle i dette møtet fortolke dette
150 vedtaket. Kva betydde det egentleg. Der viste det seg at vi ikkje lenger var samde med Ap. Vi meinte
151 i hovudsak to ting. 1. At med lukka anlegg meinte vi anlegg som ikkje hadde utslepp av slam eller
152 kjemikalier, anlegg som hindra påslag av lus og som er sikrare mot rømming, og 2. At kommunestyret
153 skulle kreve reguleringsplan for alle nye oppdrettsanlegg i Tromsø. Det ville gjeve oss grunnlag for å
154 sette miljøkrav til kvart einskild anlegg og til dømes kreve landsstraum i staden for at dei blir drivne
155 av dieselaggregat. Dessverre var det berre Raudt og MdG som var samde med oss i dette. Det vesle
156 lyspunktet var det det ikkje vart fleirtal for Høgre sitt forslag om å oppheve vedtaket om nei til lukka
157 anlegg.

158

159 Forsvaret har bede/kommandert oss til å ta mot reaktordrivne farty i Tønsnes hamn. I møtet fekk vi
160 ei orientering om dette arbeidet. Vi er bekymra for tre ting i samband med dette. Det eine er kva
161 som skjer om det skulle oppstå eit uhell eller lekasje frå ein av desse atomubåtane, det andre er at vi
162 ikkje kan vere heilt sikre på at desse atomubåtane ikkje vil ha atomvåpen om bord. Noko som ville
163 gjere Tromsø til eit naturleg mål i ein mogleg stormaktkonflikt. Det tredje er at vi kanskje ikkje kan
164 utnytte Tønsnes til industri- og næringsutvikling dersom vi skal motta reaktordrivne farty der. Det er
165 lett å tenke seg at for eksempel fiskeindustri ikkje vil etablere seg i ei slik hamn. På bakgrunn av dette
166 fekk vi med oss fleirtalet på å seie at Tromsø kommune ikkje ønsker å legge til rette for mottak av
167 reaktordrivne farty og om staten/forsvaret insisterer så får dei sanneleg betale for seg. Dessverre er
168 loven slik at det ikkje er kommunen som avgjer dette.

169

170 Vi tar no til å sjå kva vi kan få ut av ein byvekstavtale. Kommunestyret vedtok ei satsing på trygge
171 skoleveggar i Tromsø. Vi har fått laga ein skikkeleg gjennomgang av skolevegane rundt alle
172 barneskolane i bybussområdet i Tromsø. Den gjennomgangen ligg til grunn for ei prioritering av dei
173 viktigaste tiltaka for å lage trygge skoleveggar slik at fleire kan gå og sykle til skolen. I denne saka
174 vedtok vi å forskottere ein byvekstavtale for å komme i gang med dei 20 aller viktigaste tiltaka.
175 Denne satsinga må sjølv sagt følgjast opp, men vi er avhengige av ein byvekstavtale for å finansiere



176 dette. Vi brukte og saka til å kreve betre brøyting av fortau og gangveggar.

177

178 Kommunestyret vedtok at det må settast i verk sjølvmondsikring av Sandnessundbrua i løpet av 2019.

179 Tromsø Ungdomsråd har jobba med denne saka i mange år, og den kom no på dagsorden via eit

180 privat forslag. Vi berømmar ungdomsrådet for deira innsats for saka. Det vart også gjort eit poeng av

181 betydningen av forebygging av sjølv mord, noko som kommunestyret må ta med seg i andre saker.

182

183 OK, eg trur dette får vere nok for denne gongen. Still oss gjerne spørsmål om sakene , eller kom med

184 innspel til saker vi må ta opp. Eg bruker og høvet til å minne om at fristen for å komme med forslag til

185 programmet for neste periode er 4. April klokka 2400. Vi vil gjerne ha dine forslag. Programforslaget

186 finn du her: <http://www.tromsosv.no/2019/03/forslag-til-program-2019-2023/>

187

188 Dei som representerte SV i dette kommunestyremøtet var Gunhild Johansen, Pål Julius Skogholt,

189 Benjamin Notkevich og Terje Håkstad.

190

191 Mvh

192 Pål Julius Skogholt, gruppeleiar

193 ***Kommunestyremøtet i april 2019***

194 **Før eg startar denne rapporten frå kommunestyret så minner eg om SVs 1. mai-frokost. Den er på**

195 **partikontoret i Søndre Tollbugate 17 frå klokka 10 på første mai. Du tar med litt pålegg, partiet**

196 **stiller med brød, mjølk, juice og kaffe. Det brukar vere svært triveleg.**

197

198 Dei to viktigaste sakene i det første kommunestyret etter påske handla begge om utviklinga innafor

199 helse og omsorg. Den første saka var vedtak av ein ny rekrutterings- og kompetanseplan for helse og

200 omsorg. Dette er utfordrande for kommunen. På den eine sida er det sjølv sagt bra at vi har UNN og

201 universitetet i byen. Det gjer at vi har god tilgang på fagfolk, men det betyr og at vi er i konkurranse

202 med dei om fagfolka. Derfor vedtok vi eit mål om at kommunen skal kunne tilby same lønsvilkår som

203 UNN. Det er ikkje sikkert vi klarer å løyse det på eit år, men skal vi kunne klare å gje eit godt tilbud til

204 ei aldrande befolkning så må dette på plass. Eit anna svært viktig rekrutteringstiltak er å sørge for at

205 dei som jobbar i kommunen har moglegheit for fagleg utvikling på jobb. Vi håper at kommunen skal

206 bli betre på dette blant anna gjennom det verktyet som denne nye planen er.

207

208 Den andre store saka var Kroken bu og velferdssenter. Der skulle vi ta stilling til dimensjonering og

209 konsept og samstundes gje klår signal for starten på å utvikle sjølv prosjektet. Dette er ei enormt

210 viktig og stor oppgåve for kommunen. Det er anslått at investeringskostnaden kan bli på heile 1,3

211 milliardar.

212

213 Kommunestyret vedtok å utsette dette prosjektet fordi vi var usikre på om brukarorganisasjonane

214 hadde vore godt nok involvert i utviklinga av konseptet. Mellom andre har NFU vore klåre på at det

215 ikkje har vore gjort godt nok. Eg er framleis i tvil om dette var rett av oss. Dersom det blir jobba godt

216 kan det føre til eit betre prosjekt, men det kan og føre til at det tar lengre tid å få bygd ein institusjon



217 som vi har stort behov for. Til sjuande og sist valde vi å legge vekt på å involvere
218 brukarorganisasjonane og å forsøke å skape konsensus i kommunestyret om dette store prosjektet.
219
220 Heile sakslista og sakspapira finn du på innsyn.tromso.kommune.no, spør gjerne om du lurar på noko
221 om desse to sakene eller andre saker.

222
223 Dei som representerte SV i dette kommunestyremøtet var Tonje Braaten, Åsne Høgetveit, Ida Løken
224 Killie, Benjamin Notkevich og Pål Julius Skogholt.

225
226 Det var alt for denne gongen. Nyt godvêret!

227
228 Pål Julius Skogholt, gruppeleiar
229 97077457

230

231 **Kommunestyremøtet i mai 2019**

232 Dette var eit av dei vanskelegaste kommunestyremøta denne perioden. Vi behandla forslaga til kutt i
233 helse og omsorg frå administrasjonssjefen. Vi klarte heldigvis å reversere mange av dei
234 nedskjæringane som administrasjonssjefen la opp til, men ikkje alle. Meir om økonomien til Tromsø
235 kommune kan du [lese om her](#).

236 Eg er veldig glad for at vi klarte å reversere:

- 237 • dei foreslåtte flate bemanningskutta i heile tenesten
- 238 • at vi unngikk stenging av 17 korttidsplassar på helsehuset og i distrikta
- 239 • at vi unngår å stenge avdelinga for unge med demens på Otium
- 240 • at vi unngår store kutt i heimetenesta samstundes som vi skal ta tilbake dei tenestene som er
241 privatisert.

242 Totalt sett har vi lagt til 190 millionar på budsjetta til helse og velferd samanlikna med
243 administrasjonssjefen sitt forslag for 2019. I dette møtet la vi på 95 millionar. Så fekk vi dessverre
244 ikkje til alt vi ville. Av det som står att synst eg ein del av nedstyringane i oppfølgingstenesta er det
245 verste. Dersom du vil lese heile vedtaket i saka så finn du [det her](#).

246
247 Dei andre sakene i kommunestyret var viktige nok, men kom heilt klart i skyggen av saka om
248 Økonomirapport 1. Saker som kan vere verd å nemne er at vi sette i gang eit prosjekt for vurdere om
249 ein ny skole i Tromsdalen skal komme mellom TUIL arena og Tindvegen i staden for der den er i dag.
250 Det vil gje fleire fordelar. Vi treng ikkje stenge dagens skole under bygginga, vi bind bydelen betre
251 saman, og vi frigjev ei tomt sentralt i Tromsdalen til for eksempel bustadbygging.

252
253 Vidare vedtok vi ein revisjon av arbeidsgjeverstrategien til kommunen. Den er blitt enklare å lese og
254 forstå enn den gamle, og er blitt godt mottatt av fagforeiningane.

255
256 Til slutt vedtok vi og ein søknad om forlenging av drivstoffavgifta i Tromsø.

257



258 Du kan sjølv sjå alle sakene på [kommune sine nettsider](#). Still gjerne spørsmål om det er noko du lurer
259 på.

260

261 Dei som representerte SV i dette møtet var Pål Julius Skogholt, Gunhild Johansen, Benjamin
262 Notkevich og Ida Løkken Killie.

263

264 Mvh

265 Pål Julius Skogholt, gruppeleiar

266 97077457

267

268 **Kommunestyremøtet i juni 2019**

269 **Det var to dagar med kommunestyremøte som var prega av at det nærmar seg valkamp. Den**
270 **kanskje viktigaste saka kommunestyret behandla var aksjene i Troms kraft. Fylkestinget har**
271 **bestemt å overføre sine aksjer til eit holdingselskap for å unngå at dei blir med inn i samanslåinga**
272 **med Finnmark. SV har på fylkestinget vore tyddeleg på at dette er feilt. Ein slik konstruksjon betyr**
273 **at det er styret i eit holdingselskap som styrer over dei store verdiane i Troms Kraft – og ikkje dei**
274 **som er valt av innbyggjarane i Troms og Finnmark.**

275

276 I kommunen er diskusjonen litt annleis. Tromsø eig 40% av aksjane i Troms kraft. I ein situasjon der
277 fylket overfører sine aksjar til andre vil det kunne utløyse forkjopsrett for kommunen. Vi meiner at
278 det vil vere rett for kommunen å bruke ein eventuell forkjopsrett. Men det er mange uavklarte
279 spørsmål om dette, både juridisk og økonomisk.

280

281 Kommunestyret vedtok fleire andre mindre, men viktige saker. Deriblant ein strategi for plastfri by og
282 ein reiselivsstrategi. I reiselivsstrategien fekk vi gjennomslag for ei vurdering av turistskatt og ei
283 tydelegare satsing på jernbane.

284

285 OK, heile [saklista finn du her](#), still gjerne spørsmål om det er noko du lurer på.

286

287 Valkampen er i ferd med å starte for oss og. Vi treng hjelp frå deg for å sikre fleirtal i fire år til.

288 Fortel korleis du kan [bidra her](#), eller send ein epost til tromso@sv.no

289 Slik kan du vere med å bidra til at desse seks og kanskje enno fleire gode SVarar kjem inn i
290 kommunestyret.

291

292

293 God sommar!

294 Pål Julius Skogholt, gruppeleiar

295

296

297 **Kommunestyremøtet i august 2019**

298 Siste kommunestyre før valget bar preg av at det var siste kommunestyre før valget. I løpet av syv
299 timer rakk vi å behandle tolv saker. De største diskusjonene var det rundt ny Kvaløyaforbindelse og
300 rundt organiseringen av Helse- og omsorgssektoren.
301 Høyre hadde en interpellasjon der de foreslo å bygge den nye Kvaløyaforbindelsen fra Holt til
302 Håkøya. Som en del av dagens bompengepakke er det foreslått å bygge en bro parallelt med dagens
303 bro over til Giæverbukta. Sammen med ny tunnel ved flyplassen og flere andre tiltak rundt flyplassen
304 og i Giæverbukta, vil den nye brua redusere dagens kø. Det vil igjen gjøre det mulig å utvikle Kvaløya i
305 større grad enn det er mulig i dag, siden brukvota begrenser hvor mange boliger man kan bygge.
306 Tromsø har en lang historie med å kjempe omkamper på viktige infrastrukturtiltak. Det er allerede
307 gryende tegn til at Kvaløyaforbindelsen kan bli en ny slik sak som går i evig tautrekking. SV støtter å
308 bygge en bro fordi det gir den korteste reiseveien for størstedelen av befolkningen på Kvaløya, fordi
309 den er billigere og fordi den er det mest miljøvennlige alternativet. Valg av forbindelse er også viktig
310 fordi det avgjør hvordan vi skal utvikle Tromsø videre. SV vil bygge byen tett. Det gir de laveste
311 klimagassutslippene og mindre forurensning. Ideen bak en ny tunnel til Håkøya er å bygge ut en ny
312 bydel i Håkøybotn. Det betyr å spre ut byen, som igjen betyr høyere klimagassutslipp og
313 forurensning, samt å bygge ned vakre naturområder. Slik folk bor i dag er ikke befolkningsgrunnlaget
314 stort nok til å bygge en tunnel. Da vil heller en ny bru, sammen med investeringer rundt flyplassen og
315 i Giæverbukta, være det som kommer flest personer på Kvaløya til gode.
316 I sak 117/19 Organisering av tjenestetildeling og vedtaksmyndighet i avdeling for Helse og Omsorg
317 fortsatte vi på tillitsreformen gjennom å legge ned tildelingskontoret. SV vil desentralisere tjenester
318 der vi kan. En viktig del av tillitsreformen er å flytte makt og avgjørelser ut til de som jobber i helse-
319 og omsorgstjenesten. Det gjør vi med gårsdagens vedtak. Det er også et viktig poeng at ansvar for
320 budsjett og ansvar for å tildele tjenester burde ligge på samme plass, ikke på forskjellige plasser slik
321 situasjonen har vært fram til i dag.
322 En gladsak kom i form av Plan 1823 - Omregulering til Grønnstruktur, Robukta. Robukta er omtalt
323 som indrefiletten av Tromsø av noen, som ytrefileten av Tromsø av andre. I planen tok vi et nytt steg
324 mot å sikre området til rekreasjon og glede for nålevende og framtidige generasjoner
325 tromsøværingene.
326
327 For SV møtte i kommunestyret Pål Julius Skogholt, Gunhild Johansen, Benjamin Arvola Notkevich og
328 Terje Håkstad.
329
330

331 **Kommunestyremøtet i oktober 2019**

332 I går var det første ordinære kommunestyret i denne perioden. Det var ingen spesielt vanskelige
333 saker i møtet, men plass til litt kontroverser vart det.
334
335 La meg likevel starte med ei sak som ikke vart behandla i kommunestyremøtet. Beslutninga om å
336 vedta igangsetting av bygginga av Normalhall på Storelva vart utsett til november. Grunnen til det er
337 sjølvsagt prisen. Hallen ser ut til å bli 40 millionar dyrare enn det vi hadde sett av i budsjettet. Vi må



338 klare å forstå korfor det blir så dyrt. Hallen ser ut til å bli betydeleg dyrare enn TUIL-Arena som også
339 er større. Når det er sagt, hallen kjem til å bli bygd. Det er ein månads utsetting det er snakk om.
340 Skolen treng gymsal og kommunen treng fleire hallflater for å kunne gje eit godt tilbod til barn og
341 unge i Tromsø.

342

343 Den største debatten i kommunestyret var om Tromsø-erklæringa. Du kan lese [mitt innlegg her](#).
344 Opposisjonen var naturlegvis negative i ulik grad. Vi er veldig fornøgd med at plattformen vi har
345 forhandla fram skal ligge til grunn for kommunen sitt arbeid dei neste fire åra. I store saker i
346 kommunestyret får partia ordet etter storleik, og eg skal innrømme at eg kosa meg litt då Høgres
347 Erlend Svandal Bøe starta sitt innlegg med å bemerke at han ikkje heilt hadde vendt seg til at SV no
348 kom før Høgre på talarlista.

349

350 Den andre store debatten var om økonomirapport 2. Denne viser at vi framleis har store utfordringar
351 med å klare å halde budsjetta, særleg innanfor helse og omsorg, men også brann og redning. Vi
352 meiner vi trass alt er på rett veg, men er bekymra for manglande rapportering frå administrasjonen
353 på resultatet av dei store endringsprosessane vi har sett i gang. Vi må få vite meir om konsekvensane
354 både av endringane og av innsparingane.

355

356 Vi har og støtta å vente med å vedta ny ressurstilordningsmodell for skolane inntil det har vore høyring
357 om modellen i oppvekst- og utdanningsutvalet. Utdanningsforbundet har reagert på den foreslåtte
358 modellen, så vi må vere sikre på konsekvensane og kunne gjere eventuelle endringar før den blir
359 vedtatt.

360

361 For øvrig gjekk kommunestyret i ein gemyttleg og hyggeleg tone. Du kan sjå alle vedtaka [i alle sakene](#)
362 [her](#).

363

364 Dei som representerte SV i dette kommunestyret var Pål Julius Skogholt, Gunhild Johansen, Abdalla
365 Muhammedali, Sigrid B. Hammer, Ingrid Hovda Lien, Frode H. Henriksen og Matias Kjerstad

366

367 Kom gjerne med dine innspel, tankar og idear til gruppa

368

369 Mvh

370 Pål Julius Skogholt, gruppeleiar

371

372 **Kommunestyremøtet i november 2019**

373 **Det kortaste kommunestyret eg har vore med på vart gjennomført på onsdagen. Vi fekk til gode**
374 **vedtak på dei sakene vi hadde.**

375 *Bli gjerne med i dei interne debattane våre på i gruppa til Tromsø SV på facebook. Send [oss ein epost](#)*
376 *så legg vi deg til.*

377 Det var ei stor glede å verre med å vedta bygginga av ny **Normalhall på Storelva** . Maja Lockert
378 hadde sitt første innlegg i kommunestyret i denne saka. Ho sa blant anna:

379

380 *"Endelig skal vi få vedtatt normalhallen på Storelva . Dette er en sak som har foregått i åtte år og*
381 *hallen burde ha stått ferdig for flere år siden. For å sette det i perspektiv så gikk jeg fortsatt på*
382 *ungdomsskolen da det ble vedtatt å bygge normalhallen og var ikke født da Storelva skole sto ferdig*
383 *bygd. Dette viser bare hvor lenge elevene på Storelva har gått uten egen gymsal og hvor lang tid*
384 *innbyggerne på Storelva har gått uten et godt fellesareal, og ikke minst hvor lenge de har blitt lovet*
385 *en normalhall. I 2013 jublet elevene ved Storelva skole for at de snart kom til å få egen gymsal."*

386 No har vi fastsett nye budsjetttrammer, og ja det er blitt noko dyrare enn vi hadde tenkt, men no
387 kjem hallen på Storelva .

388

389 **Ressurstilodelingsmodell for skolene**

390 Ved starten av dette skoleåret vart det innført ein ny modell for tildeling av ressursar til skolane i
391 Tromsø. Denne modellen vart innført utan politisk handsaming. Det meiner vi var feil, og det er
392 grunnen til at saka no endeleg kom opp i kommunestyret. Det burde sjølvsagt skjedd før modellen
393 vart innført. Når modellen er innført er det vanskeleg å endre den midt i skoleåret. Dersom vi hadde
394 gjort endringar i kommunestyret ville det og fort fått uventa konsekvensar .

395

396 Vi vedtok derfor ei grundig evaluering av modellen. Den evalueringa vil gjere det mogleg for oss å
397 endre på modellen.

398

399 Det vi er særleg bekymra for med modellen er at det blir for lite pengar til spesialundervisning og at
400 det kan bli store endringar frå år til år som det er vanskeleg for skolane å tilpasse seg. Det vil vi ha eit
401 spesielt fokus på i evalueringa.

402

403 Samstundes er det viktig å merke seg at «alle» var misnøgde med den gamle modellen . Den var
404 vanskeleg å forstå og vanskeleg for skolane å bruke.

405

406 **Økonomien i Brann og redning**

407 Kommunestyret hadde ei orienteringssak om økonomien i Tromsø brann og redning. Det er
408 utfordrande der og. For SV er det to omsyn som må balanse rast . På den eine sida må vi sikre god
409 nok brannberedskap, på den andre sida vil all auke i budsjettet til Brann og redning gå utover andre
410 sektorar . Helse og omsorg i kommunen er minst like viktig som Brann og redning for å sikre liv og
411 helse.

412

413 Vi jobbar no med ei omorganisering av Tromsø brann og redning. Vi har derfor utsett eventuelle
414 nedbemanning ar til etter denne omorganiseringa. Det er og uaktuelt for oss å vere med på å legge
415 ned brannberedskapen i distrikta.

416

417 Det var dei tre viktigaste sakene i dette kommunestyret. Lurer du på noko er det berre å spørre. Dei
418 som representerte SV i dette kommunestyret var Gunhild Johansen, Benjamin Notkevich , Åsne
419 Høgetveit, Abdalla Mohammedali , Maja Lockert, Sigrid Hammer og Pål Julius Skogholt.

420

421 Med venleg helsing
422 Pål Julius skogholt, gruppeleiar
423

424 **Kommunestyremøtet i desember 2019**

425 Hei og god jul alle saman

426

427 Beklager at det har tatt litt tid å skrive rapporten frå kommunestyremøtet i førre veke. Men her kjem
428 den i alle fall.

429

430 Den aller største og vanskelegaste saka var budsjettet.

431 **Realiteten er at kommunen bruker meir pengar enn det den har. Det kan vi ikkje gjere lenge.**

432 **Utgiftene på helse og omsorg er omtrent 260 millionar høgare i 2019 enn det vi har å bruke i 2020.**

433 **Det var den utfordringa vi måtte prøve å løyse.**

434

435 Frå administrasjonen får vi beskjed om at helse og omsorg er i stand til å spare ca 140 millionar i
436 2020 utan at konsekvensane for pasientar og brukarar blir uforsvarleg dårleg. Dersom dei skulle
437 måtte spare meir enn 140 millionar ville det for det første gjere at kostnadane tyter ut ein annan
438 plass og for det andre ville det føre til ei omfattande nedlegging av institusjonsplassar. Vi var derfor
439 nødt til å tilføre i underkant av 120 millionar til helse og omsorg. Når vi gjer det så vil det framleis
440 vere store utfordringar for helse og omsorg, men utfordringar som skal vere mogleg å løyse.

441

442 Spørsmålet blir så, kvar skal dei 120 millionane helse og omsorg treng komme frå?

443 Vi har redusert avsettinga til disposisjonsfond frå 62 millionar til 13 millionar. 13 millionar er eit svært
444 lågt beløp å sette av til utføresette kostnader i ein så stor kommune som Tromsø. Men etter å ha gjort
445 dette manglar vi framleis 71 millionar på å ha dei pengane som helse og omsorg må ha.

446

447 Deretter har vi auka utbytta frå dei kommunale selskapa med 20 millionar. Det er eit nivå som er i
448 grenselandet av å vere forsvarleg, i alle fall inntil Troms Kraft kjem i posisjon til å betale utbytte igjen.
449 Etter denne operasjonen manglar vi framleis 51 millionar på å ha dei pengane som det er heilt
450 naudsynt å skaffe fram til helse og omsorg i Tromsø.

451

452 Det er dessverre ingen annan plass å hente desse pengane enn i andre delar av Tromsø kommune.
453 Det er på mange måtar urimeleg å pålegge dei avdelingane og einingane som klarer å drive innafor
454 budsjett å betale for helse og omsorg. Alternativet er likevel verre.

455

456 Det betyr at det blir nedtrekk på skole, administrasjon, barnehage bydrift også vidare. Desse
457 nedtrekka vil få konsekvensar. Vurderinga vår er likevel at det hadde vore verre å måtte ha ei
458 omfattande nedlegging av institusjonsplassar, redusere BPA med meir.

459

460 Dette har vore ei vanskeleg avveging. Eg er framleis ikkje sikker på at vi har gjort alt rett i denne
461 prosessen. Spesielt er eg i tvil om barnevernet. Dei skulle hatt meir, ikkje mindre. Det vi har gjort er å

462 vege dei alternativa vi har hatt mot kvarandre og gjort det vi samla sett meiner gjev det beste
463 resultatet for innbygarane i Tromsø.

464

465 **Piggdekkavgift**

466 I overkant av 3000 personar i Tromsø bur i område med helsefarleg luft. Rundt 70% av den
467 helsefarlege lufta blir skapt av piggdekk. Det er grunnen til at vi gjekk inn for piggdekkavgift. Avgifta
468 i seg sjølv ville ført til at fleire skifta til piggfrie dekk, men i tillegg ville det gjeve inntektar til å vaske
469 og børste vegane våre oftare. Det vart likevel ikkje fleirtal for piggdekkavgift i denne omgangen. Men
470 saka kjem opp på nytt. Vi kjem til å få ei sak med kostnadane med å vaske og børste meir. Dei
471 kostandane vil vi nok ikkje ha råd til. Då kjem saka på dagsorden ein gong til.

472

473 Det var ei lang rad saker, kom gjerne med spørsmål om du lurar på utfallet av ei av desse.
474 Dei som representerte SV i dette kommunestyremøtet var Gunhild Johansen, Benjamin Notkevitch,
475 Abdalla Mohammedali, Sigrid Hammer, Maja Lockert, Åsne Høgetveit og Pål Julius Skogholt

476

477 Med venleg helsing

478 Pål Julius Skogholt, gruppeleiar

479

480 **Lista over alle sakene:**

- 481 • Interpellasjon - Støyskjerming ved Åsland og Nymohagen
- 482 • Kontrollutvalgssak 81/19 - Forvaltningsrevisjonsrapport – Beslutningsgrunnlaget for
- 483 Tromsøbadet
- 484 • Kontrollutvalgssak 94/19 - Forvaltningsrevisjonsrapport "offentlige anskaffelser"
- 485 • Justering av handlings- og økonomiplan 2020-2023
- 486 • Justering av årsbudsjett 2019
- 487 • Tiltaksutredningen for lokal luftkvalitet-Tromsø kommune
- 488 • Fremtidig organisering Tromsø brann og redning
- 489 • **DISTRIKTSBEREDSKAPEN I TROMSØ KOMMUNE**
- 490 • Forskrift om forbudssone for avfyring av fyrverkeri
- 491 • 1846 Nordbyen områderegulering Vedtaksbehandling
- 492 • Forprosjekt oppgradering Storgata
- 493 • Innføring av integreringsbarometer - privat forslag
- 494 • Samisk hus i Tromsø
- 495 • **TROMSØ KOMMUNES ARKITEKTURPRIS**
- 496 • Orienteringssak - aktiv involvering av barn og unge i klima- og miljøarbeid.
- 497 • Tromsøbarnehagen - grunnlagsdokument for kommunale barnehagebygg i Tromsø
- 498 kommune
- 499 • Nedleggelse av Varden barnehage
- 500 • Oppfølging av vedtak under behandlingen av sak 110/19 Kvalitetsplan for
- 501 skolefritidsordningen (SFO) og sak 111/19 Revidering av retningslinjer og vedtekter
- 502 for skolefritidsordningen (SFO).
- 503 • Politisk behandling av reglementer 2019 - 2023



- 504 • Revidering av reglementer for råd og rådgivende utvalg
- 505 • Rapportering på effekter av uttalte deler av Forbedringsprogrammet
- 506 • Kommuneplanens samfunnsdel med arealstrategi– vedtak av planprogram
- 507 • Forslag til økonomiplan for Tromsø Havn KF 2020-2023
- 508 • Forslag til økonomiplan 2020-2023 for Tromsøbadet KF
- 509 • Retningslinjer for Tromsø kommunes erverv av fast eiendom
- 510 • Orientering om stabs- og støttefunksjoner i Tromsø kommune
- 511 • Søknad om midlertidig fritak fra verv som folkevalgt - Erlend Svardal Bøe
- 512 • Fritak og nyvalg - Meddommere
- 513 • Møteplan for folkevalgte organer 2020

514

515

516

517

518

519

520